

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 13.11.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes, Liv Bente Steiro og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Jan-Tore Huus

Referent: Kaia

Sak 2018/62: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2018/63: Godkjenning av referat frå styremøte 16.10.18; godkjent

Sak 2018/64: Tilstellingar;

Status bygdelagsbasar 29.12: Innsamling gevinstar er i gang, litt prega av mange basarar for tida. Oppstart av loddsal på bok 1. desember - på butikken og til alle hus i Herand, matsal/oppgåvefordeling planleggast på desembermøte.

Sak 2018/65: Eigedomar, investeringar;

-Meieriet – skøyte med overdraging frå fruktpakkelaget er registrert.

-Herand Kraft leiger den tidlegare barnehagen frå 8. november til 31. desember for kr 8500,-. Avtale framlagt styret. Vedtak: *Leigeavtalen er godkjent.*

-Plan for reparasjonsarbeid leskur og utskifting av glas. Glas er bestilt, kjem medio desember. Byggern har sagt oppstart før jul.

-Rapport frå oppryddingsdugnad 31. oktober – utebord ved kulturhus og blomapotter i bygda er kome i hus, båten ved Båtbyggjarmuseet er kome inn i naustet, badstu i kulturhuset rydda.

-Styret i Herand Landhandleri har hatt første møte.

-Lydanlegg/nytt teknisk utstyr i Kulturhuset. Trådlause mikrofonar er i skuff på kontoret, faste brukare finn desse, andre gjer avtale ved leige av rom/hus. Det er montert fast projektor og nytt lerret i matsal. Transportabel forsterkar/høgtalar – privat leige kr. 300,- pr døgn. Projektor – privat leige kr. 200,- pr døgn. Leigetakarar er erstatningspliktige ved skade. Scenelys står att i prosjektet. *Tusen takk til Marine Harvest for støtte til nytt utstyr!*

Sak 2018/66: Økonomi / stønad / fristar;

Skatt: skatteoppgjer for 2017 er klart. Bygdelaget er ilagt skatt på formue og inntekt av utleige på omlag 30.000 kroner. Det er klart at dette delvis er feil, og vi arbeider med klage. [Tillegg: Etter styremøtet har det vorte klart at vi kjem under skattefri grense og ikkje skal betale noko skatt.]

Sak 2018/67: Andre saker;

- Utvikling av sentrum: Ting er på gli med auka involvering frå Jondal kommune.

Sak 2018/68: Eventuelt:

- Valnemd – vi inviterer valnemda til styremøte i januar. Dette med tanke på val av neste styre og klargjering av styrets behov og samansetning for valnemda.

- Planleggingsmøte 2019 for alle lag, hus og andre interesserte vert tysdag 22.01.19 kl. 19.00 på Herand kulturhus. Lag og hus vert invitert, plakat på oppslagstavla. Det er viktig at flest mogleg lag og andre kan møte. Her vert dialog om og planlegging av ulike arrangement og aktivitetar gjennom 2019 som basarar, dugnader, Herandshelg/jonsok, juletefest, 17.mai. Dei ulike laga og husa kan komme med informasjon om sin aktivitet og anna.

Neste styremøte tysdag 11.12.18 kl. 19.00 på Herand kulturhus.